

ÅRSRAPPORT FOGN KYRKJE 2022



Ansvarskomiteen: Medlem og vara: Wenche Runestad, Øyvind Sandanger, Trude Didriksen, Oddbjørg Maaland, Inger Marie Egeland, Jostein Østhush, Dag Olav Sæbøvåg og Heidi Bø Sangedal. Jostein leier møtene og Dag er møtesekretær.

Komiteen har hatt 4 møter. Fogn kyrkje har hatt 16 ordinære gudstenester, inkludert 2 konfirmasjonsgudstenester. Det har vore 1 dåp, 2 gravferder og 1 vigsel. I tillegg var det friluftsgudsteneste i Eidsvåg og på Byre. Det er Terje Engstrøm og Ola Aasland Vold som har hatt dei fleste gudstenestene. I mars hadde me besøk frå Evangeliesenteret og dei hadde preike og vitnesbyrd i gudstenesten. På Byre var Tor Egil Eriksen prest.





Begge friluftsgudstenestene samla mange folk. Messing som hadde 30 årsjubileum i 2022 var med og spelte i Eidsvåg.



På Byre var fam. Mossige musikere. Gudstenesten samla om lag 80 personar og var også i år ein flott opplevelse.



Ved behov for organistvikar grunna ferie eller dobbelbooking har Geir Eskeland, Arne Martin Aandstad, Anne Østhush og Ruben Fjell vikariert.

Me har hatt 2 onsdagsmøte i kyrkja. Det første var ein temakveld med Anne Marie Østhush frå Vake Kirkelig ressurssenter mot seksuelle overgrep tema var «Trygge rom – ingen skal bære alene» Det andre var ein tema – og sangkveld ved Bettan Lidegran «Mitt Afrika»

I fastetida hadde me open kyrkje med bøn for Ukraina fire mandagar, i tillegg har me hatt open kyrkje i samband med Allehelgensdag.

Me hadde ein bønn – og lovsangskveld med lokale krefter og Jan Rettedal.

Den nasjonale pilgrimskvartetten arrangerte ein sommarsongkveld ein laurdag i juni med om lag 40 personar til stades. Mannskoret Frimenn frå Jæren hadde konsertkveld også det i juni, ca 150 tilstades denne kvelden, inkludert turistbuss frå Ingvars reiser og mannskoret med følgje.



Me hadde ein minikonsert og allsang ved Simon Nilsson på orgel i juli. Han er organist og har fått bruke kyrkja til øving mens han er på ferie på Fogn. Me har og hatt ein minikonsert v/Bjørn Terje Bertelsen i samband med at biskop Anne Lise Ådnøy med følgje var på visitas.



Basaren var i år 5. nov. Det kom inn kr 27 500,- Pengene gjekk til misjonsprosjektet til Talgje sokn og til innkjøp av inventar i kyrkjekjellaren. Aslak Bråtveit heldt andakt og TøfFOGNådig song og ca 120 personar kom.



I haust hadde me ein salmevisekveld med Dag og hans sangar både i tekst og tone. Han og eit prosjektkor knytta til arrangementet song og det var godt oppmøte, om lag 70 personar.



I tillegg har det i samband med jul vore både julevandring med barnehagen og skulegudsteneste. Reidun Bråtveit som er trusopplærar har hatt samling med dei yngste knytta til hausttakkefesten.



2022 har vore frivillighetens år. I Talgje sokn blei det markert med inspirasjonskveldar på øyane. Lokalt på Fogn var dette lagt til november og me hadde god tomatsuppe og foredrag ved Tor Magne Nesvik som er prost i Ytre Stavanger. Til slutt var det ein flott konsert ved Rust & Moll oppe i kyrkjerommet.




Me syng jula inn blei arrangert av ein lokal komite Håvard Østhus, Anne Østhus, Øyvind Sandanger og Heidi Bø Sangedal. TøffFOGNådig, mannskor, Messing, ei jentegruppe og lokale solistar var med og gav publikum ein flott kveld i tillegg til at alle fekk synge med på kjente og litt nye julesanger.



Ansvarskomiteen har i år gjort ein oppgradering av kyrkjekjellaren. Me har mala veggger, lister, dører og vinduskarmar, samt kjøpt inn nye sofagrupper, ny belysning og litt beplantning. Mange har vore med på dugnd, tusen takk for flott innsats!

Stavanger krk fellesråd har kosta 60 % av innkjøpene inntil kr 50 000,- egne midler har dekka resten. På veggene har me gjort ein avtale med Bjørn Eriksen om at noko av hans kunst kan henge på veggene nede. Me har valgt å kjøpe eit av Bjørn sine bilder som kan henge permanent i kyrkjekjellaren. I tillegg har Eli Runestad bidratt med utlån av sine fine tekstilbilete.



Me har ei liste med frivillige som vaskar i kjellaren ved behov. Ute hadde me ein dugnad på våren for å klargjere bed og gravplass. Me fylte på mold og sådde gras i partier som det ikkje var blitt gjort tidlegare, godt oppmøte på dugnaden. Me hadde og ein dugnad inne kor vindu blei vaska og kjøkkenet nedvaska. Eit vaktmesterteam har vore og reinska takrenner og mose på taket. Dei har og reparert lista som er rundt glasmaleriet utvendig. I tillegg har dei installert ny oppvaskmaskin, ein steamer. Det gjenstår litt tilrettelegging på kjøkkenet for at denne skal vere praktisk tilrettelagt for alle både kjente og ukjente brukarar.



Me har hatt elektrisk tilsyn og alt er i orden. Me har og fått sett opp fleire utvendige lampar. Dette er lampar som har blitt liggande i kyrkja sidan ho var ny, som no altså har fått plass langs kubbemuren på nedsida.

Ansvarskomiteen har ein eigen avdeling i rekneskapet til Talgje sokn. Desse pengane brukes til investeringar lokalt til det me treng i kyrkja vår, mest i kyrkjekjellaren og ute.

Inntektskilder er basaren og torsdagscafeen. Utgifter til kyrkjekaffi dekkes av Talgje sokneråd sin generelle konto. Til denne kontoen går også ofringar til eigen kyrkjelyd.

Innsamla midler til kyrkjelyden nyttes elles til konfirmantarbeidet, dåpsmateriell og Bibel ved vigsel med meir. Når det gjeld straumutgifter og utgifter til vasking, lyspærer med meir er det dekka av Stavanger kyrkjelege fellesråd. Pengar for utleige av kjellaren går til Talgje sokn og til bruk lokalt.

AKTIVITETER:

TøfFOGNådig: Leierar: Kjersti Sandanger og Dag Olav Sæbøvåg. Det er ca 7 – 10 ungar frå 1. – 7. klasse som deltek. Koret har hatt 16 øvingar. Dei har sunge på basarkveld i kyrkja, basar på bedehuset og på skulegudstenesten før jul.



Hobby og tru: Leierar har vore foreldre og Heidi Bø Sangedal. Me har bibelforteljing og bakeaktivitet. Dette samlar mellom 5 – 14 barn frå 1. klasse og nedover. Me har hatt 12 samlingar.



Kveldsmøter: Temakveld ved Anne Marie Østhushus, sang – og temakveld ved Bettan Lidegran. Bønn – og lovsangsmøte v/Jan Rettedal og lokale krefter. Inspirasjonskveld med fokus på frivillighet, salmevisekveld v/Dag m/fleire.

Torsdagscafe`: Me har gjennom året hatt åpent i kyrkjekjellaren kl 11 – 14 torsdagar. Her er det kaffi og vafler. Det er ca 7 – 20 personar som er innom cafeen, antalet varierer for kvar gong. Gjennom store deler av året er det Trude som har hatt ansvar for cafeen, og elles går det på rundgang med steiking av vafler. Ca kl 1215 har me ei felles samling kor me les ein andakt frå ei bok. Oppe i kyrkjerommet er det anledning til å tenne lys og ha ei stille stund for dei som ønsker dette. Under bispevisitasen i november fekk me besøk av biskop Anne Lise og hennar følgje.





Konfirmantjubileum: Har ikkje hatt konfirmantjubileum dette året.

Frivillige:

I tillegg til leierar og dei som er nevnte over her har me og andre som bidreg med frivillig teneste.

Kyrkjekaffi: Me har 12 personar som står på ei liste for kyrkjekaffi. Folk set pris på kaffi og drøs.

Vaskedugnad: Det er 11 personar som vaskar kyrkjekjellaren på dugnad.

Tekstleserar: Me har ei liste på 7 stk som les teksten i gudstenesten. Dette gjere også barn og konfirmantar.

PR/markedsføring: Fogn kyrkje har eiga side på facebook kor me legg ut arrangement.

Pynting til gudstenester: Me har så vidt starta med ei liste for frivillige til å ha med blomster til alteret. Vil jobbe meir aktivt med denne lista utover året.

Lyd og lys: Bjørn Runestad er vår mann på dette området og det er fantastisk å ha så god kompetanse lokalt.

Friluftsgudsteneste på Byre: Ein lokal gjeng beståande av Arne Sigurd Mossige, Kari Velve Byre på Byre og Jon Olav Runestad, Heidi Bø Sangedal frå Fogn i lag med tidlegare sokneprest i Hesby Tor Egil Eriksen hadde hand om planlegging og tilrettelegging for gudstenesten.

Tusen takk til alle som gjere teneste i kyrkja. Takk til Talgje sokneråd for inspirasjon til teneste og aktiviteter i 2022. Takk til prestar og stab som bidrar til gode gudstenester som gir oss ny kraft og mot til videre teneste. Takk til alle som kjem og saman er med å skape eit godt fellesskap i kyrkja.

Me ser fram til komande år og ønsker Guds velsigning over arbeidet vårt og folket på Fogn.